

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 12.02.2014
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
Saka gjeld: **Val av nye styre i underliggjande helseføretak**

Arkivsak
2013/584
Styresak 025/14

Styremøte 20.02. 2014

Forslag til vedtak

1. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF, Helse Stavanger HF og Sjukehusapoteka Vest HF for val av nye styre.
2. Som representantar til styret i Helse Førde blir følgjande personar oppnemnd:
Styreleiar
Nestleiar
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
3. Som representantar til styret i Helse Bergen HF blir følgjande personar oppnemnd:
Styreleiar
Nestleiar
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
4. Som representantar til styret i Helse Fonna HF blir følgjande personar oppnemnd:
Styreleiar
Nestleiar
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
5. Som representantar til styret i Helse Stavanger HF blir følgjande personar oppnemnd:
Styreleiar
Nestleiar
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
6. Som representantar til styret i Sjukehusapoteka Vest HF blir følgjande personar oppnemnd:
Styreleiar

Nestleiar
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem
Styremedlem

Oppsummering

Nye styre i helseføretaka i Helse Vest skal vere oppnemnde innan utgongen av februar 2014. Styra skal i tråd med forslag til reviderte vedtekter ha seks eigaroppnemnde styremedlemmer.

I føretaksmøte 7. januar 2014 blei kravet om at eit fleirtal av dei eigaroppnemnde styremedlemmene til dei regionale helseføretaka og helseføretaka skal bli oppnemnd blant politikare føreslått av fylkeskommunar, kommunar og Sametinget, oppheva. Tal eigaroppnemnde styremedlemmer i styret til Helse Vest RHF blei samstundes redusert frå ni til seks. Det blei vidare protokollert at det samla talet på styremedlemmer i helseføretaka bør reduserast.

I brev til Helse Vest har departementet vore tydeleg på at politisk og samfunnsmessig kompetanse framleis vil vere viktig for styra, men dei regionale helseføretaka vil med endringane få større fleksibilitet til å sette saman kompetente styrer tilpassa utfordringsbilete for det enkelte helseføretak. Det er også varsla at samla tal styremedlemmer vil bli redusert.

Endeleg oppnemning av nye styre skjer i føretaksmøte i helseføretaka.

Fakta

I føretaksmøte 7. januar 2014 blei kravet om at eit fleirtal av dei eigaroppnemnde styremedlemmene til dei regionale helseføretaka og helseføretaka skal bli oppnemnd blant politikare føreslått av fylkeskommunar, kommunar og Sametinget, oppheva. Tal eigaroppnemnde styremedlemmer i styret til Helse Vest RHF blei samstundes redusert frå ni til seks. Det blei vidare protokollert at det samla talet på styremedlemmer i helseføretaka bør reduserast.

Helse- og omsorgsdepartementet har i brev til Helse Vest vore tydeleg på at politisk og samfunnsmessig kompetanse framleis vil vere viktig for styra, men endringane vil gi dei regionale helseføretaka større fleksibilitet til å sette saman kompetente styrer tilpassa utfordringsbilete for det enkelte helseføretak.

Kommentarar

Helseføretakslova set rammer for styra sitt ansvarsområde og arbeidsoppgåver. Samansetting og utnemning av føretaka sine styrer er eit viktig eigarverkemiddel. Føretaka er etablert som sjølvstendige rettssubjekt med ansvarlege styre. I dei fem helseføretaka i regionen er det Helse Vest RHF v/styret – i eigenskap av å vere eigar – som set saman og utnemner styra.

I tråd med føretaksmodellen representerer eigaroppnemnde styremedlem i helseføretak ikkje politiske organisasjonar, geografiske område eller andre interessegrupper.

I arbeidet med å setje saman dei nye styra må ein mellom anna leggje vekt på dekning av kompetansebehov, kjønnsbalanse og geografi. Styresamansettinga skal vere eit resultat av ein heilskapleg vurdering med sikte på å gi det einskilde styret ein samansetting som inneber at det samla innehar den kompetanse som er ønskjeleg.

Styret i Helse Vest gjorde i styresak 001/14 B vedtak om å oppnemne eit arbeidsutval med oppgåve å utarbeide forslag til nye styre i helseføretaka. Arbeidsutvalet har vore samde i at dei nye helseføretaksstyra bør ha 6 eigaroppnemnde styremedlemmer mot sju i dag. Med bakgrunn i reglane i helseføretakslova § 23 om dei tilsette sin styrerepresentasjon i helseføretak, gjer denne endringa ikkje utslag i tal styremedlemmer valde av og blant dei tilsette. Styra i Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF vil da få til saman 10 medlemmer, medan styret i Sjukehusapoteka Vest HF vil ha 9 medlemmer.

Arbeidsutvalet vil i styremøtet presentere sitt forslag til nye styre for helseføretaka.